

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 27.1.2021 kl.17.00-19.00 – GJENNOMFØRT DIGITALT VIA TEAMS

Tilstades: Einar Brattegard, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Else Karin Veslegard, Laila Merete Knaldre (vara)

Forfall: Birger Bolstad

Opning: Vigdis – Frå tala i sørgegudstenesta i Gjerdrum kirke

Saksnr.	Ansvar
1/21	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.
2/21	Høyring – Strategi for Den norske kyrkja A. Soknerådet ynskjer det andre alternativet «En evangelisk-luthersk.....» Formuleringa er litt meir konkret og forståeleg. «Bekjennande» er eit ukjent begrep for mange. B. «Kirken for menigheten» blir foreslått i staden for «Kirken for medlemmene» C. Forslag til ny ordlyd i tredje kolonne: «Kirken har en organisasjon som styrker lokalmenigheten, fremmer frivilligheten, og gir et trygt arbeidsmiljø.» D. Det var vanskeleg å einast om to prioriterte punkt. Difor vil me gjerne ha med fleire. Nokre satsingsområde er såpass overlappande at vi ikkje greier å skilje dei. Kirken i samfunnet: Diakon i en ny tid + Fattigdom, ulikhet og utenforskap Klima og miljø Misjon + Religionsdialog Kirken for menigheten: Barn og unge Livslang læring Tilgjengelighet Kirken som organisasjon: Rekruttering Frivillighet God ledelse E. Nokre satsingsområde er meir generelle og vil dermed inkludere andre område. T.d. tenkjer vi at dåp og konfirmasjon kjem inn under «Barn og unge». Einar og Torfinn
3/21	Evaluerer gudstenestene i julehelga Det vart gjennomført gudstenester på Sundre juleeftan, 1.juledag og 2.juledag med påmelding. Ingen av desse vart fullteikna. Det kom få frå Torpo og Leveld. Nokre er kanskje redd for å ta ein plass som andre kunne hatt. Mulig det var litt kaldt for utegudsteneste. For mange i Nordbygdene og på Torpo er det litt framand å reise til Sundre for gudsteneste. Det var ei stor oppleving på juleeftan for dei som var der.
4/21	Evaluerer arbeidet i soknerådet 2020 Denne saka blir utsett til neste møte.
5/21	Ordning for hovudgudstenesta Denne saka må opp att på neste møte.
6/21	Digitale løysingar i kyrkja Arild orienterte om konklusjonane i arbeidsgruppa. Arbeidsnotatet bør sendast til medlemmene og saka bør takast opp på neste møte. Ei løysing kan vere at Hallingdal prosti samarbeider om strømming frå ulike kyrkjer. Men arbeidsgruppa foreslår fastmontert utstyr og eit abonnement hos CompanyCast. Dermed er det usikkert om det er nokon stor gevinst med slikt samarbeid. Arild

	Det kan vere fordelar med strømming i forhold til eit redigert opptak. Opplevinga blir meir ekte og ein føler seg kanskje meir deltakande.
7/21	Meldingar Ingen
8/21	Eventuelt Det skal sendast ut giro med Kyrkjebladet i neste nummer. Påtrykt beløp var kr 300,- i fjor. Det blir fire utgåver i år mot seks i fjor. Soknerådet vedtek likevel at påtrykt beløp skal vere 300,- også i år. Kan kyrkjelydsmøtet gjennomførast digitalt? Dette bør vurderast når vi veit meir om smittereglane. Det er truleg ikkje så enkelt å ha eit slikt møte på denne måten.
Neste møte: 17.2.2020 kl 1700	
Opning:	
Skrivar: Torfinn Slåtto	